

#7947 Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom

SØKNADSINFORMASJON

| | |
|----------------|---|
| Søknadsid | 7947 |
| Innsendt av | EIRIK BOUWER UTNE |
| Sist oppdatert | 09.12.2016 |
| Søker | Meland kommune |
| Utlysning | Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2017 |

INFORMASJON OM TILTAKET

| | |
|---|----------------|
| Navn på tiltaket | Hengestedet |
| Sendes søknaden inn av sentralledet i en frivillig organisasjon og oppfyller kravene i punkt 1b) i regelverket? Nei | |
| Velg kommune dere søker gjennom | Meland kommune |
| Søkers kontonummer | 15031883722 |

Kort beskrivelse av søker

Kulturtenesta er eit tenesteområde organisert under rådmannen, med ansvar for drift og utvikling av ungdomsarbeid, kulturskule, bibliotek, frivilligsentral og kulturfagleg rådgjeving og sakshandsaming.

Har dere søkt om eller mottatt andre statlige midler til tiltaket? Nei

Har dere fått støtte til tiltaket gjennom denne tilskuddsordningen tidligere? Nei

Hva søker dere om tilskudd til?

Tiltak som bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer

Skal dere ha aktivitet for målgruppen i noen av skolens ferier? Ja

I hvilke ferier skal dere ha aktivitet?

Høstferie

Vinterferie

BESKRIVELSE AV TILTAKET

Hva er målsetningen med tiltaket?

"Hengestedet" er eit 1-årig prøveprosjekt til alle ungdom i Meland mellom 13 og 19 år. Målet er å nå ungdom som opplever fattigdomsproblematikk, som har utfordringar i familiar der rus og psykiske sykdommar er ein faktor, har innvandrar- eller flyktningbakgrunn og skape ein god arena for sosial inkludering og mestring.

Vidare vil ungdomslaga i skulekrinsane bidra med eigne "hengesteder" etter skuletid, mellom anna med møte med vaksne, lokal stadtilknytning og hjelp til leksar. Knutepunktsgruppa i kommunen, som er eit kontaktpunkt med mellom anna NAV, helse, PPT, psykisk helse og skule, vil òg her vere eit viktig ledd i samhandlinga mellom kommunale tenester og frivillig sektor, og sørgje for at tilbodet når ut til flest mogleg i målgruppa. Det er ei målsetting å ha gode høve til å vidareføre det gode samarbeidet for framtida, med dei svært positivt resultatane vi har sett på tvers av fagfelt og kommunal/frivillig sektor dei siste åra.

Beskriv aktivitetene dere skal gjennomføre

"Hengestedet" skal vere opent to gongar i veka på sen ettermiddag/tidleg kveld (18-21). Tilbodet skal vere opent tre timar kvar gong, og vere ein inkluderande sosial arena. Tilbodet skal vere gratis og opent for alle, og ta tak i nokre av behova som framkom i Meland Ungdomsråd si spørreundersøking blant ungdomsskuleelevar i 2016, der 293 ungdommar svarte. Dei tre behova som kom høgast var å møte andre ungdommar, ha nokon å prate med og komme seg ut frå heimen. Frå tidlegare UngData-undersøkingar veit vi at mange unge opplever at vanskeleg økonomisk situasjon og utfordringar i heimen forsterkar oppleving av einsemd, stigmatisering og låg tilknytning.

Tilbodet skal ha inkluderande aktivitetar i lokale i kommunesenteret på Frekhaug, som passar godt til føremålet. Tilbodet er opent retta til alle ungdom i kommunen, uavhengig av bakgrunn. Her skal det vere sunn og god mat, spel, litteratur, leiker og film. Tilbodet skal nokre gongar takast ut i naturen, i samarbeid med frivillig sektor. Eit døme her er bålkveld og kanopadling ved Gripen gard og Storavatnet.

Tilbodet skal ikkje drivast i sommar- og juleferie, men vil ha opent i haust- og vinterferien.

I tillegg har det vore ytra eit ønskje frå ungdomsrådet, som òg kom fram i undersøkinga, om å ha nokre tilbod i skulekrinsane etter skuletid. Her skal to av ungdomslaga vere med å drive tilbodet, som lokale hengestadar, med fokus på leksehjelp, høve for å ha ein stad å vere etter skulen er ferdig og nokon å prate med. Særleg for ungdom i familiar med rusutfordringar og psykisk sykdom kan det vere svært viktig å ha eit alternativ etter skulen er ferdig. Tilbodet vil supplementere ettermiddags- og kveldstilbodet sentralt på Frekhaug

Dersom tiltaket fremmer intergrering, beskriv hvordan

Tiltaket er eit lågterskeltilbod der alle deltek på lik line, uavhengig av økonomi og bakgrunn. Tiltaket skal involvere og sørge for høg grad av medverknad frå ungdom, der dei sjølve skal vere med å bestemme innhaldet. Inkluderande tilbod med fokus på sosial meistring på demokratisk vis er ein faktor for å lukkast med sosial inkludering, òg blant dei med flyktningsbakgrunn.

MÅLGRUPPE

Hvem retter tiltaket seg spesielt mot?

Ungdom 13-19 som opplever fattigdomsproblematikk, som har utfordringar gjeldande familiar der rus og psykiske sykdommar er ein faktor og innvandrardom.

| Hvilke aldergrupper retter tiltaket seg mot? |
|--|
| 13-19 år |

Retter tiltaket seg spesifikt mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker? Nei

Antall jenter i målgruppen 30

Antall gutter i målgruppen 30

Antall deltakere utenfor tilskuddsordningens målgruppe 100

REKRUTTERING OG SAMARBEID

Plan for rekruttering av målgruppen

Samarbeidet med knutepunktgruppa (NAV, Helse og sosial, PPT, barnevernet, psykisk helse og rus, skule og barnehage) vil vere med å få informasjon ut til familiar som har eit ekstra behov, og medverke til høg grad av sosial inkludering. Desse tenestene vil aktivt formidle tilbodet til målgruppa.

Kulturtenesta har òg eit breitt nettverk av frivillige organisasjonar i kommunen og regionen, og kan såleis få ut informasjon om tilbodet på ein breiare måte enn gjennom rein kommunal informasjon.

Meland Ungdomsråd har engasjert seg i å betre forholda for barn og unge med ekstra utfordringar, og skal arbeide aktivt med skular, frivillig sektor og andre arenaar for å nå ut med tilbodet. Det vil òg verte annonsert i aviser, kommunale nett- og faceboksider samt via frivilligheita. Kulturtenesta vil ha ansvar for å koordinere tiltaket.

Oppgi alle samarbeidspartnere og gi en kort beskrivelse av samarbeidet

Knutepunktsgruppa (NAV, helse, PPT, barnevern, psykisk helse og rus, skule, barnehage):

- faste møte mellom kulturtenesta og andre tenester i kommunen. Her vert tenestene oppdatert på kva for tilbod som eksisterar, og kva som vert planlagt. Her kjem dei ulike tenestene komme med innspel og kvalitetssikring av tilboda. Samstundes formidlar og rekrutterer dei ulike tenestene deltakarar til aktivitetane.

Meland Ungdomsråd, som kontaktpunkt for ungdom i kommunen, frivillig innsats og kjennskap til ungdomsmiljøet:

- Ungdomsrådet har engasjert seg over tid for betre tilbod til ungdom i kommunen. Rådet har møte ein gong i månaden, i tillegg til eit formøte med arbeidsutvalet. Rådet er samansett av ni representantar frå dei tre ungdomsskulane i kommunen, og fire frå vidaregåande skule. Rådet deltek òg i fleire andre aktivitetar, mellom anna som Unge Arrangørar gjennom UKM-systemet, og vil verte direkte delaktig i gjennomføringa av tilbodet.

UL Framsteg og UL Varden vil sørge for lokal hengestadar etter skuletid, med innsats frå frivillige i krinsane.

Frivilligforum vert arrangert to gongar i året, som ein møteplass for frivilligheita og kommunen. Forumet er svært nyttig for å skape ny aktivitet og samhandling både innad i frivillig sektor og med kommunen. Forumet og frivillig sektor har vorte utfordra på problematikken med å inkludere og skape mestring for barn og unge som opplever fattigdomsproblematikk.

BUDSJETT

Budsjett

| Finansiering | Beløp |
|---|---------------|
| Støtte fra Bufdir | 200000 |
| Egenfinansiering | 180000 |
| Evt. egenandel fra deltakere | 0 |
| Andre inntekter/tilskudd (spesifiser under) | 0 |
| Delsum | 380000 |
| <hr/> | |
| Utgifter | Beløp |
| Lønn og godtgjørelse til ansatte | 190000 |
| Evt. lønn og godtgjørelse til deltakere | 0 |
| Transportutgifter | 0 |
| Utgifter til inngangsbilletter | 0 |
| Innkjøp av utstyr (investering) | 40000 |
| Husleie/strøm/renhold | 120000 |
| Andre kostnader (spesifiser under) | 28000 |
| Andre administrasjonskostnader | 2000 |
| Delsum | 380000 |
| <hr/> | |
| Total | 0 |

Spesifiser eventuelle andre utgifter

Forsikring aktivitetar kr 8 000

Mattilbod til ungdom, samt refusjon av utgifter for frivillig sektor kr 20 000

Diverse materiell og utlegg kr 2 000

Lønnsutgifter er til 12 timers arbeidsoppgåver kvar veke:

8 timer kvar veke timer til opent "Hengestedet" 2 ettermiddagar/tidleg kveld, inkludert 30 minutt opning/lukking.

4 timer kvar veke til administrasjon og førebuing, møte med knutepunktsgruppa, kommunale tenester og frivillig sektor.

Spesifiser eventuelle andre inntekter

OPPSUMMERING OG BEKREFTELSE

Kort oppsummering av tiltaket

Målet for tiltaket er å skape ein inkluderande, open og fri sosial arena for ungdom i Meland mellom 13 og 19 år, som opplever fattigdomsproblematikk, har familiesituasjon med rus og/eller psykisk sykdom som ein faktor, eller har innvandrar eller flyktningbakgrunn.

Tiltaket skal inkludere ved å legge til rette for mestringsopplevingar og ved å vere ein møteplass for ungdom uavhengig av bakgrunn. Tiltaket skal drivast i samhandling med Knutepunktsgruppa i Meland (Nav, barnevern, ppt, skule, helse, rus og psykisk helse), Meland Ungdomsråd og frivillig sektor ved to av ungdomslaga i kommunen.

Jeg er kjent med at opplysningene i søknaden er grunnlag for tildeling av tilskudd fra staten, og har satt meg inn i regelverket for ordningen. Jeg bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at jeg er kjent med vår plikt til å melde fra om eventuelle endringer som kan ha betydning for vedtaket om tilskudd. Ja

KOMMENTARER OG VEDLEGG

Kommentarer til søknaden

Her kan du laste opp eventuelle vedlegg til søknaden. 0 vedlegg